

## KLIMA

# Bestemor i bresjen

Nyoperert og med krykker demonstrerte ho mot Vietnamkrigen. Over 50 år seinare står Linda Rundquist Parr framleis på barrikadane.

TEKST: MARTIN ÅRSETH, NITTEDAL  
FOTO: SIGVE BREMER MEJDAL, NITTEDAL

**M** yrområdet Flakstadmåsan i Nes og Jødahlsmåsan i Ullensaker er den siste torvmyra i gamle Akershus som framleis har intakt areal. I mange år har miljøaktivistar i og utanfor politikken kjempa for å unngå industrielt torvuttak. Felleskjøpet på si side ønska i 2014 å ta ut torv frå myra.

– Vi tok kampen langs tre frontar. Vi hadde markeringar på myra med plakativestiar og ropertar. Naboane sleppte oss inn og stilte med kaffi og bollar. Så snakka vi med Felleskjøpet, vi truga med å lenke oss saman og heldt dialogen gåande. Så leverte vi klage fordi vi meinte det ikkje var i tråd med plan- og bygningslova, seier Linda Rundquist Parr.

Ho er leiari for Besteforeldrenes klimaaksjon i Oslo og omland og mimrar tilbake til aksjonane dei siste åra.

– Åh, det var moro, seier ho. Aksjonistane fekk ikkje medhald i klagen om plan- og bygningslova, men ville då vise at det heile var eit brot på paragraf 112 i Grunnlova – klimaparagrafen.

Tidlegare høgsterettsdommar og advokat for Naturvernforbundet under Alta-saka Kjetil Lund stod på myra iført dommarkappe og avsa dommen bak ein heimesnikra preikestol.

Kanskje ikkje overraskande felte dei torvuttaket på alle punkt.

Alliansen mot uttak har vore Besteforeldrenes klimaaksjon, miljøorganisasjonen Sabima, Naturvernforbundet og lokalpolitikarar frå Venstre, SV og MDG.

– Resultatet er at tida har jobba for oss, seier Parr.

Ullensaker kommune har løyvd 150.000 kroner til å fylle att grøftene, Nes kommune har førebels ikkje gjort det same. Felleskjøpet har ikkje teke ut torva og slo i fjor fast at dei ikkje har planar om å gjere det.

– Det er dei grøftene det står på før vi kan seie «yes!», seier Parr nøgd.

Lund hadde for høvet med spadar på torvtribunalet som han delte ut til Felleskjøpet og kommunane Nes og Ullensaker.

## Over Atlanterhavet og tilbake

Parr ønskjer oss velkomen inn i «Parr palace», som det står på dørmatta. Den pensjonerte matematikklæraren frå Chicago i USA kom til Noreg i 1971 saman med mannen Hugo, som ho møtte som student i Seattle. Dei slo seg ned i Nittedal i 1977.

## Moderne tider LIVET

### LINDA RUNDQUIST PARR

**Alder:** 75.

**Yrke:** Pensjonert matematikklærer.

**Sivilstand:** Gift, mor til tre og farmor til sju.

**Kvar er du i livet?** Eg er ein privilegert pensjonist som har vaksne søner, svigerdøtrer og heile sju barnebarn, og så har eg funne det meningsfullt å bruke tid på å drive klimakamp.

### PÅ SPARKET

**Kva bok har vore spesielt viktig for deg?**

– Det må vere «Framtiden i våre hender» av Erik Dammann. Ho utløyste ein visjon eg har teke med meg om korleis vi vil ha det. Det er den visjonen vi må selje inn no, visjonen om ein berekraftig og litt enklare livsstil. Og politikarane må leggje til rette for det, vi må ikkje gløyme at det er ein politisk kamp.

**Kva type musikk høyrer du på?**

– Eg er veldig glad i klassisk, sjølv om eg likar mange typar musikk. Eg er med i eit kor som skal framføre «Juleoratoriet» til Bach, og så spelar eg blokkfløyte. Eg har ei samling av fløyter. Det kan ein ha glede av åleine eller saman med andre. Eg har ei søster som spelar, og vi tek ein duett når vi møtest. Eg har spelt sidan studietida, då var det ein annan i venekrinsen som spelte, og det var moro å vere fleire.

**Har du ein favorittfilm?**

– «Sound of Music». Han er ... ja ... Den likar eg godt.

– Det første han sa då vi hadde kome til Noreg, var «no skal vi til fjells». «Til fjells?» Eg hadde noko erfaring med korte turar frå Seattle, men så sette vi i gang med tre veker frå hytte til hytte. Det var nydeleg.

Namnet Rundquist er finlands-svensk og kjem frå Vasa i Österbotten. Parr fortel at ho har vore der på besøk tre gongar. Farfaren hennar emigrerte i si tid frå Vasa i Finland til USA for å starte på eit nytt og betre liv.

– Den gongen reiste folk frå Noreg og andre land til USA i jakta på eit betre liv. No er det oss folk vil reise til på den same jakta, men vi seier nei.

Ho vaks opp i eit italiensk-dominert område i utkanten av Chicago, medan faren hennar vaks opp i eit litt meir skandinavisk-påverka område.

– Om det er noko eg angrar på frå då eg var liten, er at vi ikkje lærte meir svensk. Vår generasjon var ikkje interessert, og det angrar eg på no.

Parr studerte matematikk, mannen fysikk. Dei har tre søner som alle er ingeniørar. Ein jobbar med vasskraft, ein annan med IT og ein tredje i Oljefondet – strategisk plasserte for klimakamp i seinare generasjonar.

– Berre tenk kor viktig vasskrafta kjem til å vere for å sikre oss nok fornybar kraft.

Saman med barnebarna krydrar sønene veggene i det rikhaldige huset som elles er fylt med kunst, blomar og blokkfløytesamlinga til Parr.

**Trudde på Framtiden frå starten**

Framtiden i våre hender er ein av dei største miljøørslene i Noreg og vart til på eit folkemøte i Nadderudhallen i 1974. Erik Dammann hadde teke initiativ til møtet i Bærum og fått med seg kjende talarar som Arne Næss. Både Linda og Hugo Parr var til stades og har vore medlemar i organisasjonen sidan.

– På den tida las vi «The Limits to Growth» av Romaklubben og Jørgen Randers. Då vi las henne, såg vi samanhengen. Skal vi ta vare på miljøet, må vi innsjå at vi har avgrensa ressursar. Vi må tenkje på kva vi gjer som individ, kor mykje vi skal forbruke og kva vi forbruker, seier Parr.

Ho fortset:

– Og så kjem Erik Dammann med den bodskapen vi var ute etter. Vi må leggje om, vi må søkje ein enklare livsstil av omsyn til både ressursar og til komande generasjonar.

– Der har vi vår erfaring. Eg er fødd i 1946 og vaks opp i nokre tiår



«Vi beste-foreldre kan ikkje tillate oss å vere pessimistar. Vi må vise barnebarna at det går»

LINDA RUNDQUIST PARR

utan så høg levestandard som i dag og synest det var heilt okei. Vi har ei stor utfordring med å kommunisere det. Vi har i alle fall skjont at peikefingeren ikkje hjelper. Folk må sjølv finne ut kva dei er viljuge til. Alle må gjere noko, anten det er å gjere noko i eigen kvardag eller melde seg inn i ein miljøorganisasjon.

Og då var det politiske engasjementet i gang. Parr sat tre periodar i kommunestyret for SV og var med i ulike styre, råd og utval, mellom anna Nittedal sitt eige utval «Agenda





**STANDHAFTIG:** Linda Rundquist Parr meiner besteforeldre ikkje kan tillate seg å vere pessimistiske. Det finst ingen betre motivasjon for å redde klimaet enn eigne barnebarn, meiner ho. Bileta av dei pregar heimen til klimaaktivisten saman med blokkfløytesamlinga og andre oppsamla minne.

21» – ei verdsomspennande plan som kom ut av Brundtland-kommisjonen, leia av tidlegare statsminister Gro Harlem Brundtland, som spreidde omgrepet «berekraft».

– Der fekk vi oppretta ei bussrute i Nittedal, tiltak i kommunale verksemdar og energisparing, fortel Parr om dei lokale tiltaka.

### Aksjonerte med krykker mot krig

Den aksjonistiske forma på engasjementet stammar frå studietida i Seattle heilt nordvest i USA. Der studerte Parr på slutten av sekstiåra, ein ganske politisk og aksjonistisk epoke. Forma av det miljøet er ho ein ekte 68-ar.

– Eg byrja å tenkje på at eg har skulekameratar som har vorte sendt til Vietnam, då protestane byrja vart eg med på dei. Ein gong kom eg nyoperert med krykker. Det var ikkje nokon røffe konfrontasjonar med politiet; det sleppte vi. Det heile gjekk fredeleg for seg.

Eit møte med politiet fekk ho ikkje før mange år seinare, då Besteforeldrenes klimaaksjon møtte opp på partileiardebatten i Arendal.

– Vi møtte opp 10 til 15 personar med plakatvestar og hattar, men

sleppte ikkje inn på debatten. Så vi stilte oss utanfor slik at alle måtte gå forbi oss. Då kom politiet og prøvde å få oss vekk, men dei kunne ikkje nekte oss å stå der, så vi stod der og fekk mykje merksemd, seier Parr nøgd.

Nokre frå Besteforeldrenes klimaaksjon reiste til klimatoppmøtet i Glasgow, men under toppmøtet i Paris for nokre år sidan reiste dei mannsterke.

140 medlemmar sette seg på toget til Göteborg, med billettar spandert av NSB, og 90 av dei reiste vidare heile vegen til Paris. Den gongen 69 år gamle Parr sat timevis på toga heile vegen til den franske hovudstaden.

– Den vi syng mest, er frå den niande symfonien til Beethoven, seier Parr entusiastisk og syng «alle barn skal arve jorda, land og klima, skog og hav».

### Må snart hardare lut til

Aksjonane har alltid vore fredslege, om det var mot Vietnamkrigen eller faste besteforeldreaksjonar utanfor Stortinget. Dei truga med å lenke seg for å redde myra på Romerike og er motiverte til å stå på for klimaet.

– Vi provoserer ikkje. Vi er ikkje der, ikkje enno. Men kom tilbake om eitt år. Om ikkje budsjettet ser annleis ut då, må vi vurdere nye aksjonsformer.

Ei vanleg aksjonsform for besteforeldra og andre gamle – for det er ikkje eit vilkår å vere besteforelder for å vere med – er det dei kallar klimavandringar.

**«Kom tilbake om eitt år. Om ikkje budsjettet ser annleis ut då, må vi vurdere nye aksjonsformer»**

LINDA RUNDQUIST PARR

– Vi har på plakatvestar med teksten «barnas klima vår sak», vi har dei raude hattane våre og går rundt. Så hender det at folk stoppar opp. Nokre rosar oss, mange unge synest vi er kule, og nokre kjem med piggane ute. Spør om kva vi skal leve av. Då må vi ha ein samtale, lytte til det dei er uroa for.

– *Har du vorte meir eller mindre optimistisk etter 50 år med klimakamp?*

– Ein kan kanskje tenkje at det ikkje går, men vi besteforeldre kan ikkje tillate oss å vere pessimistar. Vi må vise barnebarna at det går.

– Så kan ein spørje om det har skjedd, det vi håpa på. Nei, det har det ikkje. Men no har det vorte så prekäert at eg trur alle innser at vi må gjere noko.

– *Du seier det ikkje har gått som du håpa. Kva har gått best?*

– Det gjorde meg til eit miljømedvite menneske. Under aksjonane i Alta og Mardøla, då såg ein at folk var budde på å kjempe. Den gongen var det å bevare naturen. Og no når vi er inne på aksjonar: Vi er i ferd med å vinne kampen om bevaring av ei myr.

martina@klassekampen.no